



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
21.04.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/15277 331.2
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13, 5902 Isdalstø
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik
Regionrådet Vest, Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2017

Fylkesmannen har i brev av 12. desember 2016 invitert kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2017. Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføringa. Fylkesmannen har tidlegare fordelt kr. 95,3 mill. i ordinært skjønstilskot av den samla skjønssamma på kr. 127,7 mill. i fylket for i år.

Av den delen av skjønsmidlane som står att (kr. 32,4 mill.), blir no kr. 18,5 mill. fordelt som projektskjøn til fornying- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Det blir gitt tilskot til 37 av søknadene etter at Fylkesmannen har motteke til saman 56 søknader frå kommunane. Samla søknadssum er om lag kr. 54,9 mill.

Etter at det no er fordelt kr. 18,5 mill. i projektskjøn, vil det vere ei attståande skjønssamme for i år på kr. 13,9 mill. Denne ramma vil bli fordelt i samband med:

- særskilt fordeling til satsing mot barnefattigdom
- tilskot i samband med behov som oppstår i året, særleg med tanke på uventa hendingar
- generell fordeling som ordinært skjønstilskot.

Frå og med fordelinga for 2014 har det vore ein søknadsprosess der regionråda har ei koordinerande rolle. Det har vore stilt spørsmål om regionråda si rolle. I lys av ei framtidig omorganisering av fylkesmennene, vil Fylkesmannen førebels halde fast ved ordninga med regionråda si rolle.

Vi har i tildelinga lagt vekt på regionråda sine prioriteringar av projektsøknadene.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har for 2017 presisert at skjønsmidler berre skal nyttast til prosjekt kor det er kommunane sjølve som har teke initiativet til tiltaket og står for framdrifta. Det er kommunane som skal vere den sentrale part både som initiativtakar og deltakar, i prosjekt som oppnår skjønsmidler.

Fylkesmannen legg elles til grunn følgjande ved tildelinga av skjønsmidler til fornying og innovasjon:

- i første rekkje tilskot til utviklingsarbeid når dette blir organisert gjennom interkommunalt samarbeid
- kommunane må sjølve delta økonomisk eller med arbeid. Hovudregelen er at skjønsmidlane ikkje skal utgjere meir enn 50 prosent av kostnadene
- det skal ikkje vere eit årleg tilskot over ein lengre periode. Det skal først og fremst vere tilskot i samband med oppstarting
- det blir ikkje gitt tilskot når hovudføremålet er næringsutvikling

Det er gjort følgjande fordeling mellom føremåla, i mill. kr.:

- Barn og unge	3,9
- Omsorgstenester	3,9
- Busetjing av flyktningar	1,35
- Samfunnstryggleik og beredskap	1,05
- Tiltak knytt til vedteke kommunesamanslåing	1,5
- Miljøvern og landbruk	0,95
- Interkommunalt planarbeid	2,1
- Andre føremål	3,75

Sum	18,5
-----	------

I fordelinga til barn og unge (kr. 3,9 mill.) inngår tilskot til Bergen kommune, kr. 2 ½ mill., til satsing mot barnefattigdom. Tilsegn om dette tilskotet vart gitt i 2016.

Fleire av prosjekta er knytt til digitalisering. Det er ikkje skilt ut som eit eige føremål men inngår i dei nemnde føremåla over.

Vedlagt følgjer oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i år. Oversynet blir lagt på heimesida vår.

Vi ber alle som er tildelt midlar gi tilbakemelding om det som er gjort og korleis midlane er brukte. Rapportering for prosjektskjønn 2017 må bli gjort i den same databasen som er blitt nytta for søknader for 2017, det vil seie: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Frist for rapportering for 2017 er 01.februar 2018. Tidsfristen for tilbakemelding kan bli endra.

Vi ønskjer lukke til med prosjekta !

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg